

Attraktive, berekraftige og sosiale regionsentra

Hordaland Musikkråd er fylkesorganisasjonen til Norsk Musikkråd. Ein organisasjon for musikklivet i Noreg med 150 000 medlemar.

Hordaland Musikkråd er svært nøgde med at det er Hordaland fylkeskommune som utarbeider ein plan for attraktive senter. Fylkeskommunen har det regionale heilskapsblikket og verkemidla som skal til som utviklingsaktør. Dette er svært viktig i ei tid då regionen står føre store utfordringar med å planleggje for folkevekst. Det er avgjerande at regional planlegging tek høgde for einskildmenneske og planlegg for fellesskap, berekraft, trivnad og framtidige generasjonar. Eit attraktivt regionsenter er eit sosialt regionsenter med mange frivillige kulturelle lag og organisasjonar.

Eit politisk kjerneområde for musikkråda er gode øvings- og framføringslokaler. Dette vert argumentert med utfrå kunsten og kulturen sitt eige verde, men effekten går utover sjølve kunsten og kulturen. I NOU 2013:4 *Kulturmeldingen 2014* og kap. 12.21 *Det frivillige kulturlivet* står det: *I omtalen av frivillige kor, korps og amatørteatergrupper i kulturpolitiske dokumenter vektlegges nettopp de identitets- og fellesskapsdannende sidene ved disse kulturvirksomhetene. Samtidig har virksomhetene en særegen verdi som en åpen arena for deltakelse i kunstneriske og kulturelle aktiviteter.*

No vert dette enno viktigare i Hordaland ettersom eit godt sosialt lokalmiljø med trivnad bidrar til å ta vekk behovet for transport. Eit lokalt musikkliv vil vere med å oppfylle §1 i plan og bygningslova om å "...fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner".

Prognosane seier at Bergensregionen skal veksa med over 160 000 innbyggjarar dei neste tiåra og at den største auken skal koma i kommunane kring Bergen. Det vert tilrettelagt for at arbeidsplassar skal vera i nærleiken av bustadene, og ikkje at fritida skal nyttast der. Lovpålagte oppgåver med skular og barnehagar vil kommunane måtte ta, men private utbyggjarar og kommunen har ikkje ansvar for den kulturelle grunnmuren, eller lokale infrastrukturen til kultur ettersom det ikkje er lovpålagte oppgåver. I *Kulturmelding 2014* ber dei vidare om eit nytt kulturløft for den kulturelle grunnmuren som vert skildra slik: *Med den kulturelle grunnmuren sikter vi her til den kulturelle infrastrukturen som gir hele befolkningen tilgang til kunst- og kulturfaglig kompetanse, deltakelse og opplevelse. Utvalget anser kunst- og kulturfag i opplæringen, kommunalt og frivillig fritidstilbud og lokalsamfunnets kulturelle arenaer som hjørnesteiner i den kulturelle grunnmuren.*

Vestlandet sin hovudstad Bergen, som har eit kulturliv med frivillig og oppegåande organisasjonsliv og gode tilbod om opplevingar, vil måtte dekke fritidsbehova for enno fleire. Dette uroar byplanleggjarane.

–Vi kan ikke bosette 160 000 på et jorde på Arna, det betyr at det vil være 160 000 som hver dag vil reise til Bergen for i det hele tatt å oppleve noe. Sa Fredrik Barth, for Asplan Viak i eit føredrag for byggindustrien på arrangementet Byggedagene. Dette er også i strid med samferdslemåla om at auken i trafikk i storbyane skal koma med kollektiv, sykkel eller gange. Barth meiner vidare at kommunepolitikarar ikkje ser heilskapen når dei planlegg utbyggingar, berre isolert innan eigne kommunegrensar.

I Hordaland har det vorte satt opp fleire prestisjebygg for kultur. Bygga har ofte for høg husleige og ikkje føremålstenleg for lokalt musikkliv kan nytta det til øving- eller framføringslokale. Prestisjebygga har det til felles med idrettsanlegga at dei i regelen ligg i utkanten av sentrum og ikkje bidrar til urbanisering og fortetting. Eit vitalt kulturbygg med låg terskel i sentrum derimot bidreg til aktivitet ut over opningstid for butikk/kjøpesenter og eit sosialt nærmiljø.

Hordaland Musikkråd tilrår Hordaland fylkeskommune å nytte deira tildela handlingsrom til å skape attraktive og berekraftige regionsenter med gode lokale fellesskap, ut frå retningsliner for arealbruk og forvaltning. I komande reguleringsplanar må det settast av areal for brukshus tilrettelagt for kultur slik at regionsentra blir gode lokalsamfunn som fremjar fellesskap med identitet, tilhøyre og berekraft. Hordalendingen skal ikkje nytta personbilen, til det beste for klimaet og det sosiale og kulturelle lokalmiljøet. Regional plan for attraktive senter er det einaste planverket som kan tilrettelegge for brukshus for kultur og bidra til å gjere Hordaland berekraftig.

Mann er manns gaman. Håvamål

For Hordaland Musikkråd

Vidar Skeie (s)

dagleg leiar

Kristine Drake (s)

styreleiar